

Referat frå møte i Rådgjevande utval for Jærstrendene landskapsvernområde av 12.08.2009 Statens Hus.

Tilstades: Erling Sømme Kielland, Ingun Andreassen, Sveinung Bang-Andersen, Kjell Ove Hauge, Jørund Ubøe Soma, Kari Grundvig, Arild Ånestad, Per Terje Haaland, Per Kristian Austbø og John Inge Johnsen

Meldt fråfall: Stavanger museum v/ Alf Tore Mjøs, Olav Røysland (vara Klepp), Ottar Amundsen (vara, Sola). Følgjande møtte ikkje: Sola kommune v/ Jess Milter, Klepp kommune v/Arild Børge Skjæveland, Hå kommune v/Leif Obrestad, og Rogaland heimverndistrikt.

Per Terje Haaland- ordstyrar.

Sakslista tok utgangspunkt i vedlegga til møteinkallinga, rapport om forvaltinga 2009 og utkast til forvaltingsplan for Jærstrendene del I og II utsendt 01.07.2009.

Sak 1: Utvalet si rolle og mandat

Austbø viste til verneforskrifta §8 om oppretting av rådgjevande tilsynsutval, sa oss lei for at det har blitt lenge sidan sist møte, men har hatt jamnleg kontakt med fleire i utvalet i samband med utarbeiding av utkast til forvaltingsplan. Ein har likevel ikkje motteke nokre ønskje om møte og drøftingssaker frå medlemmene. Haaland sa seg lei for at spesielt fleire av kommunane representantar ikkje har møtt fram. Viktig at kommunane melder attende dersom lista over utvalets medlemmer ikkje er korrekt.

Arild Ånestad: Svakt at kommunane ikkje møter sterkare opp, kan skyldast at det er lenge sidan sist møte ?
PKA: følgjer opp dette i høve dei aktuelle, og kommuneadministrasjonen. Sjå vedlagte liste.

Sak 2: "Runde rundt bordet" –innspel, inntrykk og generelle spørsmål om verneområdet

Erling Kielland Sømme: Imponerande utkast til forvaltingsplan. Etterlyser hyppigare møteverksemd i rådet.

Sveinung Bang-Andersen: Lite tilfredstillande å sitta i eit råd som møtast så sjeldsynt, minimum eit til to møte i året!

Kari Grundvig: Spurte om det var eigne møter for andre paartar i den offentlege forvaltinga, til dømes kystverket og vegvesenet ?

PKA: Direktoratet for naturforvalting arrangerer eigne samlingar, elles har Fylkesmannen løypande kontakt med direktoratet og kommunane. Når det gjeld samansetning av rådet er det mange aktuelle aktørar, men her har ein måtte avgrensa til dei viktigaste.

PTH: Dersom det er sterke ønskjer om utviding av rådet, vil vi vurdere dette.

Jørund Ubøe Soma: Etterlyser større og breiare diskusjon kring arealpresset, med fokus på bruk og verneverdiar, til dømes ved meir offentlege diskusjons- og drøftingsmøte, med utvalde tema. Tilhøve mellom bygging i og intil (Plan og bygningslova) verneområdet bør få større fokus, i nær dialog med kommunar, fylkeskommune og andre aktørar. Etterlyser ein møtestad kor dei ulike aktørane med interesser i verneområdet kan møtast.

I dag vert utfordringane kommunisert for dårlig, viktig å møtast oftare. PKA: I tilsvarande "heia-råd" (i høgfjellet) er problemstillingane ofte få og meir oversiktlege. Krevjande å drifta eit system som etterlyst med dagens ressursar til Jærstrendene, men vi vil følgje opp etter beste evne.

Erling Kielland Sømme: Meiner at Statens naturoppsyn med sin lokalkunnskap ville være nyttig for utvalet, til dømes som observatør eller munnleg rapportering.

Kjell Ove Hauge: Støtter behovet for fleire møtestadar og er samd i at Statens naturoppsyn burde vore representert i utvalet.

PTH: Inviterer SNO til neste møte.

Sveinung Bang-Andersen: Ålmenta er opptatt av Jærstrendene. Følgjer med i media frå sidelina, kunne ønskt betre informasjon om ulike saker i forkant.

PKA: opplyste om komande ”svartelisteseminar” og lokalt skjøtselsseminar, kor utvalet vil få innkalling.

Ingun Andreassen: Viste til at Friluftsrådet hadde godt samarbeid med Fylkesmannen i samband med skjøtsel, kanalisering av ferdslle og fjerning av uønska vekster. Gav døme på besøkstal/ tellepute frå Orre kor det er mykje besøk gjennom heile året.

Per Kristian Austbø: Fylkesmannen er bevisst på å nytte lokale krefter/grunneigarar der dette er mogleg, i samband med rydding og skjøtsel, for å kanalisere midlane til interesserte grunneigarar. Det er kanalisert inn fleire hundre tusen på ein slik måte i år.

Erling Kielland Sømme: Stor utfart til Børaunen kjem i konflikt med verneverdiane. Her bør ein innføre ferdsselsforbod.

PKA: Først prøve med ”det gode”. Samarbeidsprosjekt med kommunen kor ein skiltar/ oppfordrar folk om å gå utanom sårbart område og viser kart/sti kor ein bør gå. Legging av teljeputer for å følgje effekten, følgje opp med gjerding om naudsynt.

Kjell Ove Hauge: Etterspurte heimel til ferdsselsforbod?

PKA: DN kan innføre ferdsselsforbod, men saka må først høyrist. Viktig at Fylkesmannen kan dokumentere verknaden av ferdsla og vise at ein har prøvd andre tiltak.

Kari Grundvig: Viktig med tilrettelegging og spele på lag med kommunane.

PKA: Fylkesmannen samarbeidar aktivt med kommunane, til dømes har Hå kommune eller grunneigarar fått mykje kulturlandskapsmidlar til slik tilrettelegging, og i Randaberg

Sak 3: Gjennomgang av utsendt forvaltingsrapport av juni 2009

Per Kristian Austbø:

Viste lysark, kommenterte og utdjupa einskilde punkt i forvaltningsrapporten.

Jørund Ubøe Soma: kommenterte fjerning av steintippar, at massane her måtte kunne nyttast i samband med utbygging av godsterminal og hamneutbygging.

Kari Grundvig: Viste til bruk av tunnelmassar i Göteborg kor massane blei deponert på sjøbotn for å ”auke hummarbestanden”.

Sveinung Bang-Andersen: meinte at det var viktig at ein i rapporten skilte mellom tal på innkomne søknader og tal på søknader som fekk dispensasjon.

Ingunn Iversen: kommenterte at oversikten over innkomne søknader ikkje gir eit rett bilet. Jæren Friluftsråd vert ofte kontakta om ulike arrangement m.m. Svært mange slike vert ”handsama” munnleg.

Erling Kielland Sømme: Peika på at forvaltinga ikkje må vera for rigid, til dømes må hytter som skjemmer området få løyve til å fornye fasaden. PKA: det er langt på veg slik forvaltinga skjer i dag.

Kari Grundvig: Ny biomangfald-lov legg til rette for betre samarbeid med kommunane.

PKA: ein viktig lov i så måte, men ennå litt fersk i høve praktisk følgjer i forvaltninga.

Sveinung Bang-Andersen: Kva er hovudføremålet med vernet, ”sementert” eller dynamisk utvikling? Gamle hytter, skipsvrak, krigsminne, steintipper m.m høyrer til historie og landskapsverdi, viktig å behalde noko av alt, m.a.o legge vekt på referansegrunnlaget for verdiane
PKA: prøver å ta vare på dei viktigaste verdiane gjennom differensiert forvalting av verneområdet med ulike forvaltingsmål i dei ulike sonene, men viktig med likeverdig sakshandsaming.

Kari Grundtvig: viktig å jobbe langsiktig og legge langtidsplanar.

Sveinung Bang-Andersen: etterspør formidling ved Kvassheim fyr.
PKA: viser til strategi i tilrettelegging og formidlingsplan av 2008.

Erling Kielland Sømme: har FM vurdert fugletårn på Børauen ?
PKA: Erfaringsmessig vert fugletårna lite nytta. Det kan vere aktuelt å montere kikkert i samband med skilting og tilrettelegging ved bunker i sørrenden av Børaunen. Ein bør elles vera forsiktig med å bygge tårn i opent/sårbart landskap.

Sveinung Bang-Andersen: Ønskjer felles synfaring med utvalet på Jærstrendene i løpet av komande år.
PKA: det er notert !

Erling Kielland Sømme og Jørund Ubøe Soma: ynskjer å få konkrete/prinsipielle saker å ta stilling til, kor utfallet kan påverkast, og der medlemmene kan ta meir aktivt del i vurderingane
Viktig å være tydlig på kommunisering av opparbeidingsgrad ved tiltak, da ting ofte ”baller” på seg og blir langt meir omfattande.

Kari Grundtvig: om kommunane er bevisste og aktive kan aktivitetar styrast til mindre sårbare område utanfor verneområdet.

Sak 4: Forvaltingsplanarbeidet

Per Kristian Austbø: Gjennomgang av utkast til forvaltingsplan del 1 og 2, pr. juni 2009 som var sendt ut saman ved innkallinga til møte: kva er ein forvaltningsplan, den vidare saksgangen med møte og høyringar, venteteg til DN for godkjenning i haust, bruken av sonering og differensiert forvalting som berande element for innhaldet i planen. Rask gjennomgang av delar av planen - i første rekke kap. 7 om tilrettelegging og formidling

Arild Ånestad: Signaliserte at bondelagskontoret v/Harboe ønskjer å hjelpe til med grunneigarmøte.

Ingunn Andreassen: presiserte at det var viktig at ein nytta ordet terskel ved utlaupet av Fuglestadåna og ikkje bru, vesentleg gradsfordeling med tanke på tilrettelegging, og mange har ei mening om saka !
Friluftsrådet tenker geografi når det gjeld ferdseks kategoriar i dei ulike sonene. Viktig at det er ulike alternativ i alle kommunane. **PKA:** samd i dette, vi legg opp til det i planen.

Arild Ånestad: mente at ein måtte kunne nytta noko av bakdynearealet på Bore og andre stader til parkering på toppdagar framfor omdisponering av dyrka mark. Alle fråskriv seg ansvaret slik at grunneigar vart ståande att med problemet. **PKA** syntet til skiltplan og parkeringsplass som kommunen skulle ta hand om, men som det ikkje er blitt noko av.

Erling Kielland Sømme: stilla spørsmål om folk flest les oppsette infoskilt? Meinte det var viktig å få med hovudtinga med stor skrift, og heller tone ned teksten som dei fleste likevel ikkje les.

PKA: Skilting er berre eit av infotiltaka. Viktig med nok tekst /bilete slik at også dei som er mest interessert får noko med seg, men elles samd i problemstillinga.

Sveinung Bang-Andersen: Same problemstilling som andre organisasjonar slit med, men ein kort samanfatning er viktig!

Jørund Ubøe Soma: Viste til side 17 i forvaltingsplanen under avsnitt om **Allmenn bruk** – ”*Det er derfor ikkje ønskjeleg å auke ferdsel og friluftsbruk ytterlegare, men heller kanalisere denne til dei meir slitesterke delområde....*” Han meinte det ikkje er politisk fleirtal for dette, og at ein manglar spesifikk referanse.

Han lista elles opp følgjande tema som burde vore belyst i planen:

- minken på Rott/fuglevern
 - båttrafikken
 - ølbergskogen
 - kanalisering
 - hyttefelt på Sola/Rege
 - vedlikehald av hytter, tidstypisk, nytte material og teknikkar som er bestandige
- Han kjem skriftleg attende med ei konkretisering av punkt han har merka seg.

Kari Grundvig: Spurde om det var systematisk samanheng mellom oppsette mål og verdiskildringar i innleiande delar av planel 1 - i høve større og mindre tiltak utover i planen ? event. tydelegare referansar i så måte. Ho meinte elles det måtte klarare og meir konkret fram korleis vi ser for oss tilstanden på Jærstrenen og dei ulike verdiane om 10 – 20 år, dette vil vere styrande for kva forvaltingstiltak vi følgjer opp med. Viktig at slike tiltak ikkje berre vert avgrensa til meir kartlegging og registrering.

PKA: nye plankrav om definering av etterprøvbare bevaringsmål vil stå sentralt i så måte; dette set nye og store krav til oss i forvaltninga.

Arild Ånestad: Mange tankbåtar på vent/i opplag utanfor Feistein – tikkande bombar! Elles er det naturen og sjøen som i framtida vil ha størst innverknad på strandene.

Ingun Andreassen: Aukande problem med kanner og fat med spillolje som driv i land på strandene.

Erling Kielland Sømme sa seg samd i at oljevernberedskapen langs kysten er for dårlig!

Jørund Ubøe Soma: Største trusselen mot strandene kjem frå sjøsida, viktig å få med dette trusselbilete i forvaltningsplanen.

PKA: Beredskapsavdelinga og andre offentlege etatar er merksame på problemet, som er av nasjonal karakter.

Sveinung Bang-Andersen: Innhaldesta i forvaltningsplanen er for omfattande. Vanskeleg å få oversikt! Bør vurdere å kutte ned på dei mange underkapitla.

Kari Grundvig: Er det nokon tidsfrist for tilbakemelding på dette førebelse planutkastet?

PKA: Ønskjer forlaupande tilbakemelding. Dette vil kunne skje heilt til DN har godkjent planen !

Erling Kielland Sømme: Ba om utsending av e-post før neste møte, der medlemmene får i oppgåve å konsentrere seg om spesielle tema. **PKA** lova å følgje opp dette som ei god tilnærming, gitt det store omfanget av planen.

Neste møte i utvalet vil kome i forkant av den formelle høyringsrunden.

Referent: John Inge Johnsen

Vedlegg: adresseliste utvalsmedlemmer